



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Dovre kommune
Kongsvegen 4
2662 DOVRE

03.01.2024

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
1-24

1-24: Omsyn til villrein i samband med øving i regi av Dombås - Brennhaug - Lesja Røde Kors Hjelpekorps - Øving nr F2

Området der det er planlagt øving er innanfor leveområde til villrein i Reinheimen-Breheimen villreinområde. Området er registrert som vinterbeiteområde. Villrein har i liten grad brukt dette området dei siste åra, men det har historisk vore eit veldig viktig område for villrein, jf massefangstanlegget på verket ved Slådalsvegen. Potensielt er dette eit veldig viktig område for villrein og eit område som det er ynskjeleg at villrein i større grad nytta seg av.

Øvinga er planlagt i noko av det same området som øving A1 som vi hadde uttale til i fjor. Øving F2 omfattar eit større område som strekkjer seg nesten heilt til Jønndalen og Slådalsvegen. Vi såg ikkje i søknaden om ferdsel i samband med øvinga var avgrensa til visse køyretreasear eller om det kan bli køyrt i heile det avmerka området? Det er skissert 20 snøscooterar i søknaden. Det er stor forskjell på om desse blir køyrt samla etter ein eller eit fåtal trasear eller om ferdsla blir delt over fleire område. For å unngå å forstyrre ev villrein i området bør ferdsla skje mest mogleg samla. 20 snøscooterar fordelt over eit område kan gi stor belastning på villrein.

Det gjekk ein liten villreinflokk aust for Slådalsvegen før jul i 2020. Flokken gjekk der utover vinteren i 2021. Det var med minst ei simle. Elles har nemnda sparsomt med opplysningar om arealbruk hjå villrein frå dette området, men villreinutval og evt SNO har kanskje meir? Om det er villrein i området på øvingsdatoane bør øvinga bli avlyst / avgrensa / fløtt. Villrein som evt er i dette området må ein unngå å skremme vekk i og med at den er viktig for å få den til å bruke dette området i større grad på sikt.

I og med at villrein brukar dette området såpass sparsamt tykkjer vi det er greitt at øvinga blir gjennomført, med dei avgrensingar som vi har skissert over.

Det er ynskjeleg at t.d. villreinnemnda blir varsla om villreinobservasjonar i dette området (gjerns sms til 48190145).

Helsing

Johan Berge
Leiar

Tor Taraldsrud
Tor Taraldsrud
Sekretær

Søknad:

Hei

Dovre kommune ønsker å få en uttalelse fra Villreinnemda i forbindelse med motorferdselsøknad levert til Dovre kommune den 22.11.2023.

Søkeren er Dombås - Brennhaug - Lesja Røde Kors Hjelpekorps v/Wiggo Vasshaug. Røde Kors planlegger en vinterøvelse i Hardeggen området i Dovre kommune. Detaljert informasjon finnes i søknaden som er vedlagt under.

Tiltenkte øving inngår i godkjent øvingsområdet. Øvingsområdet går inn i villrein leveområdet ifølge Naturbasekart.

Har dere noen merknader til plasseringen av øvelsesområdet og planlagt øvelse?

Frist for tilbakemeldingen 01.01.2024

Øvelse nr. F2	Navn på øvelsen: Reinheimen Øst	Tema for øvelsen: Dag og natt navigasjon over lengre avstander.	Øvingsmomenter m.v. Bruk av kart og gps Veivalg i skredutsatt terreng Søk og behandling av funn Praktisk trening i søk etter savnet Trening av KO med mannskap i felt
Tidspunkt:	Lørdag og søndag (en helg), mellom nyttår og vinterferie år 2022 og 2024. Nøyaktig dato settes senest 3 uker før øvelsen gjennomføres.		
Øvingsområde:	(Fylke, kommune, områdets navn, kjørerute) Oppland fylke Dovre kommune Vågå kommune Fjellområde øst for Slådalsveien Øvelsen ledes fra Røde kors hytta Ottobu Se vedlagte kart merket øvelse nr og navn På denne øvelsen inviteres også Vågå røde kors hjelpekorps til å delta.		Kjentmannskjøring utenfor verneområde trenger dispensasjon etter § 6 fra Kommunen: Kommune: _____ Dispensasjon: Godkjent / Ikke Godkjent Sign/stemp (evt vedlagt disp.) _____
Verneområde:	Ja ___	Nei _X_	Hvis ja, oppgi hvilket verneområde. Det må søkes om dispensasjon.
Antall kjøretøy og personer som forventes involvert: 20 snøscootere og 30 personer	Politiets kommentarer med eventuell godkjenning: <i>Godkjent 21/10/2019</i> <i>Tor Jørgen Børje</i> 		
Ansvarlig øvingsleder: Korpsleder Dombås røde kors hjelpekorps, tlf. 976 99 024			

